



## Notat

Dato: 14.03.2016  
Arkivsak: 2016/412-7  
Saksbehandlar: knudjuv

---

**Til:** Utval for miljø og samferdsel

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Svar på spørsmål om korleis Skyss kan sikra eit betre samarbeid med transportselskapa i spørsmål knytt til arbeidsmiljø og HMS

På møte i Misa 11.02.2016 viste **Roald Kvamme (A)** til spørsmåla sine i møtet 14.01.2016, og påpeikte at han bad om skriftleg svar også på spørsmålet om korleis Skyss kan sikra eit betre samarbeid med transportselskapa i spørsmål knytt til arbeidsmiljø og HMS i saker som omfatta begge partar.

Spørsmålet frå Roald Kvamme i møtet 14.01.2016 var følgjande:

Korleis kan Skyss sikra eit betre samarbeid med transportselskapa i spørsmål knytt til arbeidsmiljø og HMS i saker som omfatta begge partar?

Det er ved fleire høve peika på utfordringar knytt til ansvarsdelinga mellom Skyss og transportselskapa i spørsmål som gjeld arbeidsmiljø og HMS for sjåførane. I dag er det etablert eit kontaktorgan mellom Skyss og transportselskapa der ein også kan ta opp denne type saker men det vert hevda at dette ikkje fungera godt nok og at saker ikkje har vorte løyst på ein god nok måte. Det er mellom anna vist til ei sak som er meldt inn for arbeidstilsynet som eksempel på utfordringa.

Det må vera i alle si interesse at ein finn gode løysingar på samarbeid omkrings dette viktige området og at dette vert prioritert."

Dialogforum buss Hordaland vart oppretta i februar 2015, etter initiativ frå Skyss, nettopp for å betre samarbeidet med operatørane og deira tilsette særleg i saker som gjeld arbeidsmiljø og HMS. Mandatet for forumet er å utveksle informasjon, diskutere konkrete tilhøve og gjere avklåringar kring vidare oppfølging av saker. Dei som møter er ein representant for kvar av dei to store fagforeiningane, ein representant for verneomboda, ein representant frå NHO Transport Hordaland og representantar frå leiinga i Skyss. Alle møter i forumet har ein agenda som er sendt ut på førehand etter innspel frå dei ulike deltakarane. Saka det vert vist til i spørsmål frå Roald Kvamme (A) og som har vore handsama av Arbeidstilsynet, vart meldt dit før Dialogforum buss Hordaland vart oppretta. Saka har vore diskutert på møta i forumet, og partane har informert kvarandre og ein har diskutert dei ulike syna partane har på den konkrete problemstillinga.

Skyss kjenner seg ikkje igjen i påstanden om at dialogforum ikkje fungerer godt nok eller at saker ikkje vert løyst på ein god nok måte. I møte 8. februar i år vart det gjennomført ei evaluering av Dialogforum buss

Hordaland etter eitt år. Partane som tek del i forumet var samde om at forumet fungerer slik det var meint. Tillitsvalde og verneombod gav i dette møtet uttrykk for at dei opplever å verte høyrte, at dei har fått gjennom nokre saker, men understreker at det også er mange saker som står att å løyse i tida som kjem.

Skyss meiner at Dialogforum buss Hordaland er eit godt tiltak som allereie har hatt effekt i form av betre samarbeid i saker som gjeld arbeidsmiljø og HMS. Ein vil gjennom forumet sikre at samarbeidet med operatørane og deira tilsette held fram på ein god måte, og sjå til at dette viktige området også vert prioritert vidare.